

Prestemarka Produkt

Fargeskrinet

Godt uval i filleryer, vesker og løparar. Vi vev tepper etter mål

T-skjorter m/ og u/ trykk: kr 50,-

Silkesjal: kr 100,-

Opptenningsrullar: kr 20,-

Vi er opptatt av gjenbruk. Har du lysstumpar, gamle dynetrekk eller gardiner, kan du levere det her.

Ta deg ein tur innom Gulehuset, da vel!

Opningstider:

Måndag - fredag 8.00 - 15.30

Gartneriet

Vi har eit breitt utvalg av blomster og samplantingar til jul.

- Julestjerner
- Azalea
- Julegleder
- Grønne planter
- Samplantingar
- Dekorasjonar på rot
- Snittblomster

Opningstider:

Laurdag 16. og 23. desember, kl. 10.00 - 16.00

Heile veke 51 (18.-22. des.): kl. 10.30 - 19.00



Skodje kommune
ynskjer alle

God Jul

og

Godt Nytt År!

Solglytt

Solglytt er eit interkommunalt psykiatrisk dagsenter, eit samarbeid mellom kommunane Skodje og Ørskog. Senteret vert drive etter heimel i *Lov om sosiale tenester*, og i samsvar med intensjonane i Stortinget sin plan for opptrapping av dei kommunale psykiatritenestene 1999 - 2008.

Solglytt er eit lavterskeltilbod for alle i Skodje og Ørskog kommune som slit med psykiske vanskar i kvardagen.

Her kan DU få ein stad å vere, ein møteplass der du kan knyte nye kontakter og få nye vener. Vi kan òg gje deg tilbod om å vere med i dei ulike gruppene vi har på Solglytt, og om du vil kan du få samtalar med psykiatrisk sjukepleiar.

Tilbod på Solglytt:

- Samtalegruppe
- Hobbyaktivitetar
- Matlaging
- Sosialt samvær
- Turar
- Temakvelder
- Faste utedagar
- Svømming
- Trim
- Bingo
- Internett - Data
- Foto
- Playstation
- Samtale med psykiatrisk sjukepleiar
- Middag og lunsj
- m.m.

Solglytt er ope:

Måndagar: 14.30 - 20.30

Onsdagar: 10.00 - 15.00

Fredagar: 10.00 - 15.00

Kvar finn du oss?

Du må gjerne ta direkte kontakt med oss, eller berre stikke innom om du vil det. Det er òg mulig å få kontakt med oss gjennom din fastlege, sosialtenesta, helsesasjon, servicekontor, eller gjennom psykiatritenesta i kommunen du bur i.

For din eigen del vil vi råde deg til å ta med deg nokon fyrste gongen du kjem hit. Dette for at det skal vere lettare for deg å kome innom. Du må gjerne ta med ein ven eller ein i familien. Har du ingen å ta med deg, så ta kontakt med psykiatrisk sjukepleiar for å avtale om ho kan vere med deg.

Lokalet vårt ligg i Liedbygget på Sjøholt, rett overfor Ørskog Energi sitt bygg. Ein stor, lang murbygning.

Telefonar

Senterleiar på Solglytt: 97 66 21 65

Psykiatrisk Sjukepleiar Skodje: 97 60 13 37 eller: 97 69 19 01

Psykiatrisk Sjukepleiar Ørskog: 95 76 73 87

Postadressa vår er:

Solglytt
Ørskog Kommune
6240 ØRSKOG

Ta deg ein tur innom oss for ein prat. Om du vil starte å gå her, og kor mykje du ynskjer å bruke tilbodet, vert heilt opp til deg sjølv.

God skatteinngang i Skodje

Pr. utgangen av november ligg skatteinngangen i Skodje kommune 2,2 millionar over budsjettet.

Pr. utgangen av november er 85% av restskatt 2005 betalt. Tilsvarande tal for fjoråret var 64%. Betalingsmoralen blant skattytarane i Skodje syner dermed ei klar betring.

Litt av kvart

Ekspedisjons- tider i romjula

Ekspedisjonstider på rådhuset vil i romjula vere kl. 9.00 - 14.00. Fredag 22. desember vil ekspedisjonen på rådhuset stenge kl. 13.00.

Dei tilsette har vanlege arbeidsdagar, så det kan vere mogleg å gjere avtale med sakshandsamar utanom ekspedisjonstidene. Vi gjer merksam på at det kan vere redusert bemanning desse dagane.

Biblioteket

Skodje folkebibliotek er stengt i romjula.

Støttekontakter

Har du bil og likar å dra på kino, fotballkampar, fisketurar og andre «gute-aktivitetar», kan du og kanskje fleire kompisar bli nye flotte støttekontakter for Skodje kommune.

Born og unge i ulike aldrar har behov for fritidsaktivitetar i lag med andre vaksne gutar og menn. Det gjeld både gutar i barnehagealder og vaksne heimebuande menn.

Du får nyttige erfaringar og gode opplevingar.

Løn etter fast sats.

Besøksheim

Barnevertenesta treng besøksheim for barn som er under barneverntiltak. Ei besøkshelg er frå fredag til søndag ettermiddag.

Løn etter fast sats.

Ta kontakt med Skodje kommune, servicekontoret så kan vi gje deg meir informasjon.

Neste Kommunenytt

Neste *Kommunenytt* kjem ut ca. 23. mars. Frist for innlevering av stoff til dette nummeret er 14. mars.

Ungdommens kulturmonstring

Ungdommens kulturmonstring (UKM) er eit arrangement der barn og unge under 20 år kan få vise fram kva dei held på med. Det kan vere både sceneinnslag, film og utstillingar. UKM Skodje 2007 vil finne stad på Skodje ungdomsskule, idrettshallen søndag 21. januar.

Mennesket har behov for å skape ting; vere kreativ og produktiv.

Teikne, måle, spele på eit instrument, synge, danse, snekre, lage film, sy..., aktivitetar vi driv med heime, på skulen, i kulturskulen, i lag og foreningar.

Ungdommens kulturmonstring (UKM) er eit arrangement der barn og unge under 20 år kan få vise fram kva dei held på med. Det kan vere både sceneinnslag, film og utstillingar.

UKM er ikkje ein konkurranse, men ei monstring for å vise mangfaldet i ungdomskulturen. Likevel vil ein jury i kommunemonstringa plukke ut nokre innslag som får tilbod om å vere med på fylkesmonstringa. Det er eit klart

mål at også fylkesmonstringa skal spegle eit mangfald, så det er slett ikkje berre den flinkaste til å synge eller spele som får høve til å gå vidare.

Pokalar og medaljar i UKM? Nei, men ein viktig premie for deltakarane er å få høve til å stå på ei scene eller få utstilt arbeida sine for publikum. Ein annan viktig premie er å få møte andre ungdommar som også driv med kreative uttryksformer.

Påmelding til UKM skjer via internett på adressa www.ukm.no. Barn og unge i alderen 10-20 år kan vere med. **Påmeldingsfrist i Skodje er 10. januar 2007.**

Magne P. Fylling, UKM-ansvarleg

Annonsering av kulturarrangement

Vi minner om kulturkalenderen KULTURNETT.no der lokale arrangørar gratis kan registrere eigne kulturarrangement, små som store.

Lenkjer til KULTURNETT.no ligg på heimesida til Skodje kommune. Der ligg det snarvegar både for å søkje fram arrangement i Skodje, og til å registrere eigne arrangement.

Treng du rettleiing til dette, har vi ein kontakt-

person på IKA Møre og Romsdal (interkommunalt arkiv). Han heiter Jan Aakvik og er å treffe i kontortida på tlf. 70 13 44 46.

På KULTURNETT.no kan du og søke etter informasjon om kulturarrangement kvar som helst i landet. Du kan søke på kvar kommune, eller etter kva type arrangement du ønskjer informasjon om.

Lukke til !



Dette skjer

Romjulsdans på klubbhuset

Det blir romjulsdans på klubbhuset til Skodje IL 5. juledag (29. desember) frå kl. 21.00 – 02.00.

Det blir servering av velkomstgløgg, sal av øl og vin, samt noko å bite i.

Musikken er det Lillevold's som skal stå for.

Så møt opp på klubbhuset og bli med på ei triveleg romjulsfeiring.

Billett kr. 150,-

Arrangør er Skodje Blandakor

UKM -Ungdommens kulturmonstring

Søndag 21. januar 2007 kl 17.00 i idrettshallen.

Påmelding på www.ukm.no innan 10. januar.

Arr.: Skodje ungdomsskule v/ 9. trinn, og Skodje kulturskule v/Magne Per Fylling

"Kommunenytt" er utgitt av Skodje kommune, og blir distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor. Redaksjon og layout: Knut Berg. Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørdal.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no